

Til medlemmene i styringsgruppen for lektorutdanningen

Sak på sirkulasjon i styringsgruppen for lektorutdanningen

Tidspunkt: 23. mars 2021

Vedtakssak

11/21 Utlysningstekst for faglig praksiskoordinator
Notat fra Studieavdelingen

**Styringsgruppen
for lektorutdanningen**

ephorte: 21/284

Sak 11/21 Utlysningstekst for faglig praksiskoordinator
Notat fra Studieavdelingen

Vedtakssak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen
På sirkulasjon: 23. mars 2021

ephorte: 21/284

I styringsgruppemøte 05.02.21, sak 2/21, blir det vedtatt at Styringsgruppen reviderer utlysningsteksten og ber om at stillingen som faglig praksiskoordinator lyses ut så snart som mulig.

Revidert utlysningstekst for «Førsteamanuensis/fagleg koordinator for praksis- og partnarskulesamarbeid» er vedlagt saken.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppen vedtar forslag til utlysningstekst og ber Det Psykologiske fakultetet om å lyse ut stillingen så snart som mulig.

Vedlegg: Utlysningstekst for Førsteamanuensis/fagleg koordinator for praksis- og partnerskulesamarbeid

Førsteamanuensis/fagleg koordinator for praksis- og partnerskulesamarbeid

UiB - Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=0E0cOZpZQXY>

Førsteamanuensis/fagleg praksiskoordinator

I samband med Universitetet i Bergen si satsing på lektorutdanning, er det oppretta ei fast stilling som fagleg praksiskoordinator (førsteamanuensis) med ansvar for praksisutvikling og skulesamarbeid.

Lektorutdanninga ved Universitetet i Bergen omfattar 5-årig lektorutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning, som til saman har plass til 955 studentar. Lektorutdanninga er eit samarbeid mellom fleire fakultet.

Organiseringa av lektorutdanninga er under omlegging. Stillinga er per i dag lagt til Det psykologiske fakultet, som administrerer praksis, men kan bli flytta i samband med omorganiseringa av utdanninga.

Stillinga ligg mellom ulike fagmiljø, og den som vert tilsett vil samarbeide med fagdirektøren for lektorutdanninga, administrasjonen og fagmiljøa som samarbeider om lektorutdanninga. God kontakt med praksisfeltet er også naudsynt.

Arbeidsoppgåver/forskningsområde:

- Arbeid med den profesjonsfaglege kvaliteten i universitets- og partnerskulesamarbeid og i praksisopplæringa i lektorutdanninga. Det inneber å koordinere skulesamarbeid, bidra til desentralisert kompetanseutvikling og etter- og vidareutdanningstilbod retta mot skulesektoren.
- Leiar for praksisutvalet. Praksisutvalet er eit tverrfagleg arbeidsutval nedsett av programrådet, der også partnerskulane er representerte. Utvalet har ansvar for praksisopplæringa til studentane og forvaltar samarbeidet med partnerskular og praksisskular. I tillegg til å løyse saker som knytter seg til ordinær drift, skal utvalet bidra til kvalitetssikring av praksis og gje programrådet og styringsgruppa råd i saker som gjeld praksis.
- Ta del i samarbeid om forskingsprosjekt, søknadsskriving og publisering.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at den som vert tilsett også kan verte pålagt arbeidsoppgåver utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til, innanfor si normale arbeidsplikt og den faglege kompetansen sin.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha doktorgrad (eller tilsvarande) i pedagogikk, fagdidaktikk eller eit anna område med tema av relevans for skule- og utdanningsfeltet.

- Den som blir tilsett må ha brei skulefagleg erfaring og/eller forskingsbakgrunn innan didaktikk, pedagogikk eller disiplinlag som er relevant for lektorutdanninga.
- Den som blir tilsett i stillinga må ha gode samarbeidsevner.
- Det er ein føremon med administrativ erfaring frå grunnutdanninga eller høgare utdanning.
- Personlege eigenskapar som er naudsynte for stillinga vil verte vektlagde.
- Arbeidsspråket er norsk, og den som blir tilsett må derfor beherske norsk munnleg og skriftleg.

Det vil bli gjennomført intervju, prøveforelesing og referanseinnhenting i tilsetjingsprosessen. Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Vi tilbyr:

- spennande og utviklande arbeidsoppgåver i eit sterkt fagmiljø
- løn etter lønssteg 64-72 (kode 1011/lønnsramme 24, alternativ 8) etter hovudtariffavtalane til staten, avhengig av ansiennitet og kvalifikasjonar. Dette utgjer ei årsløn på kr 583 500 - 666 800 brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- gode velferdsordningar

Søknaden skal innehalde:

- CV
- vitnemål og attestar
- fullstendig publikasjonsliste
- liste med vedlegg som dokumenterer pedagogiske kvalifikasjonar
- liste over vitskaplege arbeid søkjaren vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysningar om kvar dei er offentleggjorde
- vitskaplege arbeid søkjaren vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maksimalt 10)

Vi gjer merksam på at søknader vert vurderte med den informasjonen som er knytt til søknaden i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Vedlegga må vere på engelsk eller eit skandinavisk språk, og eventuelle omsetjingar må vere attesterte. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Det er sær s viktig at kvart av dei vitskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga, i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden, jf. siste kulepunkt.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

- leiar for styringsgruppa for lektorutdanninga professor Jørgen Sejersted tlf. 55582975
Jorgen.Sejersted@uib.no
- dekan/professor Bente Wold, tlf. 90532667, bente.wold@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.